



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om auka slukeevne i Svardøla kraftverk i Luster kommune

Vi viser til høyringa datert 23. mai i år.

Forte kraftverk AS søker om å få auke slukeevna i Svardøla kraftverk, ved å redusere minste driftsvassføring frå 140 l/s til 75 l/s. Det er estimert at ei slik justering vil auke det årlege energiutbyttet med 0,84 GWh. Det er krav om minstevassføring på 5-persentilnivå; dette utgjør 460 l/s i sommarperioden (1. mai – 30. september) og 20 l/s i vinterperioden (1. oktober – 30. april).

Vår vurdering

Slukeevneintervallet og minstevassføringa har mykje å seie for korleis naturmiljø og landskap blir råka av ei vasskraftutbygging. Svardøla er eit viktig landskapselement, og minstevassføring på 5-persentilnivå i sommarperioden var vurdert som eit viktig avbøtande tiltak for denne utbygginga. Den fastsette minstevassføringa er i tråd med vår fråsegn i høyringa av konsesjonssøknaden.

Planendringa vil redusere periodane og mengda vatn som kjem i tillegg når kraftverket må stanse på grunn av for lita driftsvassføring, og dette vil redusere dynamikken i Svardøla ved visse låge vassføringar. For friluftinteressene vil effekten vere større i oktober då det berre blir sleppt 20 l/s, enn i den prioriterte perioden med høgare minstevassføring. Om planendringa fører til færre start/stopp i kraftverket, kan det tenkast å vere gunstig for fisken i nedre del av elva.

Det bør vere ein viss terskel for å kunne auke vassutnyttinga utover det som er fastsett i vassdragskonsesjonar, dersom det får konsekvensar for viktige allmenne interesser. Vi ser det òg som uheldig med etappevis justering av eit kraftprosjekt, etter at konsesjonsvedtaket er fatta gjennom ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved utbygginga. Dette var ein viktig premiss for å finne rett balanse mellom kraftproduksjon og natur- og friluftinteressar, òg ved denne utbygginga.

Planendringa gjeld ei relativt lita endring av slukeevna, og effekten vil bli avgrensa for den viktigaste friluftperioden som er prioritert med minstevassføring på sommarnivå. På grunn av den låge minstevassføringa i vinterperioden kan effekten derimot bli merkbar i siste del av barmarksesongen.

Vi meiner difor at restdynamikken i gjeldande reglement bør oppretthaldast.



Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Luster kommune
Vestland fylkeskommune

Postboks 77
Postboks 7900

6866
5020

GAUPNE
BERGEN